

# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2020



Blåbrebu med Saga og Plogen i bakgrunnen

Foto: Alf Erik Røyrvik

Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## 1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområde. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

### Verneområdestyret

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2019 vart det oppnemnt nytt verneområdestyre for Ålfotbreen. Det nye styret for perioden 2020-2023 vart konstituert 11.mars 2020 og det ser slik ut:

| Namn                       | Funksjon    | Representører | Vararepresentant  |
|----------------------------|-------------|---------------|-------------------|
| Jacob Andre Telvik Nødseth | Styreleiar  | Kinn          | Anett Berg        |
| Irene Storøy               | Nestleiar   | Bremanger     | Henny M. Hansen   |
| Janne Marie Solheim        | Styremedlem | Gloppen       | Per Ståle Husevåg |
| Åsmund Berthelsen          | Styremedlem | Vestland      |                   |

Heile styret deltok på kompetanseprogram i Balestrand 10. og 11.mars. Dette var felles opplæring for dei nyoppnemnde nasjonalpark- og verneområdestyre som er tilknytt Fylkesmannen i Vestland.

Styret har hatt 4 styremøte i 2020, eitt i Balestrand, eitt på Teams, eitt i Gloppen og eitt i Florø. På desse styremøta har styret handsama 25 styresaker og 7 referatsaker.

Styret var på synfaring i Førdedalen i Bremanger 18.mai. Styremedlemmene såg då på potensielle tiltak i Førdedalen.

Som resten av samfunnet har styrearbeidet vore til dels påverka av koronapandemien i 2020. Det synte seg at det var smitte på kompetanseprogrammet som vart arrangert i Balestrand i dagane før samfunnet vart «stengt ned», noko som betydde karantene for alle deltakarane i ettermiddagen. Eitt styremøte vart og gjennomført på Teams, sidan det ikkje var tilrådeleg med fysisk møte på vårparten.

## 2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er framleis låg. Få bygningar, lite aktivitet og krevjande terregn avgrensar behovet for transport og anna motorferdsel. Vi ser likevel ei auke i saksmengda, ein trend som vi og såg i 2019. Dei fleste sakene er tilknytt byggeverksem og transport i samband med byggeverksemda.

Styret har delegert mynde til verneområdeforvaltaren i kurante saker under visse vilkår. Forvaltaren har handsama fem delegerte saker i 2020. Alle gjaldt motorferdsel eller drone.

### Motorferdsel

- Leidulf Solvang fekk fleirårig løyve til å bruke helikopter til uttransport av hjortekjøt i jakta.
- Sogn og Fjordane Energi fekk løyve til helikopterlandning i samband opprydding av restane av ei gammal hytte ved brekanten.
- Frost Media AS fekk løyve til helikopterlandning i samband med filmproduksjon i Skjerdalen. Landinga vart ikkje gjennomført.
- Statnett SF fekk løyve til helikopterlandning i samband med fjerning av ismålestasjon ved Kvanbotnfjellet.
- Jens Skjerdal fekk fleirårig løyve til helikopterlandning i samband med transport av material til hytte ved Skjerdalsvatnet.
- Terje Johansen fekk løyve til helikopterlandning ved Grøndalsstøylen i samband med transport av material til byggearbeid.
- Flora turlag fekk løyve til å lande med helikopter ved Gjegnabu i samband med transport av forsyningar til hytta.

### Bygge- og inngrepssaker

- Flora turlag fekk løyve til å bygge ein liten platting ved ny dør på Gjegnabu som vart montert i 2019.
- Terje Johansen fekk løyve til å bygge ein platting ved hytte på Grøndalsstøylen.

### Administrative saker

I tillegg til vedtakssakene vart det handsama ein del administrative saker. Nokre saker var i samband med nytt styre og konstituering. Og ein del saker er faste saker som styret handsamar kvart år.

### Nasjonalparkstatus

Verneområdestyret fatta vedtak om at det skal jobbast for at Ålfotbreen skal verte nasjonalpark. Dette vert det jobba vidare med i 2021, både opp mot departement og direktorat, og gjennom prosessen med supplerande vern.

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

| 2020          | Felles/totalt    |                  | Naustdal-Gjengedal |                | Ålfotbreen     |                |
|---------------|------------------|------------------|--------------------|----------------|----------------|----------------|
|               | Budsjett         | Kostnad          | Budsjett           | Kostnad        | Budsjett       | Kostnad        |
| Drift styre   | 230 000          | 247 465          | 110 000            | 92 031         | 120 000        | 155 434        |
| Tiltaksmidlar | 1 100 000        | 992 365          | 700 000            | 720 607        | 400 000        | 271 758        |
| <b>Totalt</b> | <b>1 330 000</b> | <b>1 239 829</b> | <b>810 000</b>     | <b>812 637</b> | <b>520 000</b> | <b>427 192</b> |

Kostnadane til drift av styret har vore høgare i 2020 enn dei var i 2019. Det er nok fleire årsaker til det, mellom anna oppstart med nytt styre og kompetanseprogrammet i Balestrand i mars der det var særskilt godt deltagande frå styret og frå vararepresentantar. Det har også vore mange møte og ei synfaring, og styret har kjøpt inn noko klede.

Sjølv om det har vore eit overforbruk av driftsmidlar i 2020, so har forvaltninga heile tida hatt bra kontroll på forbruket. Det har vore underforbruk hos andre styre og budsjettpostar hos Fylkesmannen, mellom anna grunna koronapandemien. Vi har derfor hatt dekning for overforbruket som har vore på drifta til Ålfotbreen verneområdestyre

Tiltaksmidlane kjem vi tilbake til i neste kapittel i årsmeldinga.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre fekk 400.000 i tiltaksmidlar for 2020. Av desse vart om lag 271.000 brukt på tiltak. Dei vart nytta slik det går fram i tabellen under.

| Tiltak                                 | Sum               |
|--|-------------------|
| Skilte og merke ruta til Lavesteinen   | kr 18 825         |
| Stien frå Metteneset til Gullsmedhytta | kr 14 378         |
| Stien frå Grøndalen til Blåbrebu       | kr 50 000         |
| Infoskilt                              | kr 19 236         |
| Bru ved Skarvevatnet/Gullsmedhytta     | kr 94 422         |
| Tilrettelegging Førdedalen             | kr 71 490         |
| Nettside                               | kr 3 407          |
| <b>Totalt</b>                          | <b>kr 271 758</b> |

I 2020 har vi prioritert å gjere ferdig påbegynte tiltak. I tillegg har vi jobba med tiltak langs dei merka rutene i og rundt verneområdet etter innspel frå turlag og grunneigarar. Vi har også jobba vidare med tilrettelegging i Førdedalen i Ålfoten. Vi er godt nøgde med dei tiltaka som er gjennomført, dei er gjennomført på ein god og kostnadseffektiv måte. Derimot har vi ikkje kome i gang med alle tiltaka som vi har hatt på tiltakslista. Det har ført til at vi ikkje har brukt alle tiltaksmidlane.

### Hope – Lavesteinen

Vi har jobba med den merka stien opp til Lavesteinen i nokre år no, og i 2020 har vi fullført dette tiltaket. Det som stod att i år var å sette opp nye skilt og merke traseen der stien er lagt om. Kostnadane har først og fremst vore knytt til nye skilt. Sjølv arbeidet er utført av forvaltar og naturoppsyn.

Vi meinar at stien frå Hope til Lavesteinen no har ein standard som god sett i høve til bruken av stien.

### Mettenes – Gullsmedhytta

Stien frå Mettenes og opp til Sælebotskora er rydda og merka. I starten av Sælebotskora er det sett opp ny wire til å halde seg i forbi eit krevjande parti. Her er behov for litt meir wire her, som vi har planer om å sette opp i 2021.

### Grøndalen – Blåbrebu

Flora turlag har meldt inn behov for å gjere tiltak på den merka stien frå Grøndalen til Blåbrebu. Forvaltar har vore på synfaring og gjort avtale med turlaget om fleire mindre tiltak på stien. Gjennom avtalen har forvaltinga kjøpt tenester frå turlaget som vert gjennomført i 2021.

### Informasjonsskilt

Det meste av arbeidet og kostnadane var i 2019, men sjølvé monteringa av skilta vart utført i 2020. Eit sett med skilt vart sett opp på ferjekaia på Lote og eitt sett på ferjekaia på Stårheim. Skilta er produserte hjå Stryvo AS i Stryn, og det er Bygdeservice AS på Sandane som har stått for montering. Forvaltninga er godt nøgde med resultatet. Bilete av skilta er å finne seinare i årsmeldinga.

### Bru ved Skarvevatnet

Brua som tidlegare har vore lagt over elva som renn ut frå Skarvevatnet om sommaren, vart teken av elva for nokre år sidan. Forvaltar og naturoppsyn har vore på synfaring på staden, og bestilt ny og permanent bru. Brua vert levert og montert i 2021.

### Tilrettelegging i Førdedalen

Forvaltninga har, i samarbeid med Førde grunneigarlag, planer om tilrettelegging av ein lågterskel innfallsport i Førdedalen. I 2020 har vi kjøpt inn ein gapahuk som skal monterast i 2021.

### Nettside

Vi har fått laga ny nettside til Ålfotbreen i 2020. Sida rettar seg mot besökande til verneområdet og inneholder først og fremst konkret og praktisk informasjon. I tillegg er her turskildringar og fine bilete som skal inspirere til bruk av området. Mesteparten av kostnadane vart dekka i 2019.

### Foto

Vi engasjerte naturfotograf Ronny Solheim til å ta gode bilete frå Ålfotbreen LVO til bruk på nettside, i sakshandsaming og anna materiell. Oppdraget vart betalt i 2019 og levert i 2020. Vi fekk mange veldig flotte bilete frå Ronny!

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernombordet vart oppretta i 2014. Utvalet har bestått av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune.

I 2019 vart utvalet evaluert og revidert av styret. Etter innspel frå utvalet sjølv vart det gjort nokre endringar i samansettinga, og nytt utval vart oppnemnt av styret. Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernombordet for perioden 2019-2022 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Rådgjevande utval hadde eit møte i 2020. Det var 16. oktober på Kleppenes gard. I tillegg til representantane i utvalet møtte styreleiar Nødseth, styremedlem Solheim, naturoppsyn og verneområdeforvaltar.

## **6. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt**

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i 3 etasje i Krånavegen 3 (Sandane Senter).

Det faste naturoppsynet Rune Holen har i 2020 jobba med prosjektarbeid, og derfor har Sverre Sæten vore engasjert av SNO sentralt for å vere lokalt naturoppsyn for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal. Samarbeidet med lokalt SNO har alltid vore veldig godt, og det har det vore med Sverre og. Naturoppsynet er viktige og nytte samarbeidspartar i forvaltinga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak.

På kontorstaden på Sandane kom det ein ny forvaltar i 2020. Tor Arne Hauge, som er nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen, har no kontorstad på Sandane saman med Røyrvik, Sæten og Holen. Å få ei ny forvaltarstilling lokalisiert på Sandane har vore særskilt godt for fagmiljøet der.

### Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2020:

Det aller meste av fysiske samlingar har vore avlyst i 2020, grunna koronapandemien. Den viktigaste konferansen i 2020 vart gjennomført før dei strenge smittevernstiltaka vart sett i verk. 10.-11.mars arrangerte vi Kompetanseprogram for nye nasjonalpark- og verneområdestyre i Balestrand. Dessverre synte det seg at det var covid-smitte på denne konferansen og i dagane etter vart alle deltakarane sett i karantene. Nokre av deltakarane fekk påvist korona og fleire andre hadde symptom.

### Foredrag og liknande

- Foredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 4.mars
- Foredrag for Sunnfjord kommunestyre, 29.oktober
- Undervisningsopplegg med klima- og miljøklassa ved Firda vgs, 6.november

### Møteverksemd

- Avdelingsmøter, seksjonssamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Vestland
- Møter og synfaringar med leverandører som vi kjøper tenester og varer frå.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

All møteverksemd og aktivitet som har vore etter 12.mars har vore i tråd med nasjonale og lokale føringar med tanke på smittevern.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

Forvaltaren er tilsett hjå Fylkesmannen i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Fylkesmannen har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Fylkesmannen. Fylkesmannen har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar har dessutan eit godt fagmiljø hjå Fylkesmannen.

## 7. Bilete frå 2020



**Bilete 1.** Ålfotbreen verneområdestyre, naturoppsyn og forvaltar. F.v. Irene Storøy, Janne Solheim, Jacob Nødseth, Åsmund Berthelsen, Sverre Sæten og Alf Erik Røyrvik



**Bilete 2.** Utsikt frå stien til Blåbrebu, mot Grøndalsstøylen, Støylsvatnet og Grøndalen.



**Bilete 3.** Gamle Blåbrebu, fungerer i dag som sikringsbu for den nye Blåbrebu.



**Bilete 4.** Informasjonsskila som er sett opp på ferjekaia på Lote, med utsikt mot Skjerdingane



**Bilete 5.** Informasjonsskila på ferjekaia på Stårheim, med Gjegnen i bakgrunnen



**Bilete 6.** Grunneigar Martin Mettenes og naturoppsyn Sverre Sæten monterer ny wire i starten av Sælebotskora



**Bilete 7.** Naturoppsyn Sverre Sæten ved utløpet frå Skarvevatnet. Her skal det monterast ny bru i 2021.



**Bilete 8.** Utsikt frå Skarvevatnet mot Gjegnen og Bukkenibba.



Bilete 9. Lavesteinen som ligg ovanfor Hope. Dette gamle skiltet er no bytta ut.



Bilete 10. Det nye skiltet ved Lavesteinen